

# Risikovurdering

## Rettleiing for mindre fiskefartøy



### Kva er risikovurderingar?

Kort sagt betyr dette å identifisera farar og fjerna/redusera risikoen for ei ulykka.

### Kvifor utføra risikovurderingar?

Det overordna målet med å gjennomføre risikovurderingar er å redusera risikoen ved farleg arbeid, og såleis redusera talet på ulykker. Mannskapet om bord skal ha eit bevisst forhold til kva arbeidsoppgåver som er utsette.

Reiar/fartøyeigar skal sørgja for at det blir gjort ei vurdering av kva farar som fins om bord, og deretter sjå på kva tiltak som må settast i verk for å gjera ting på ein sikrare måte. Forskrift 1. januar 2005 nr. 8 om arbeidsmiljø, sikkerhet og helse (ASH-forskrifta) stiller krav om at det skal gjennomførast risikovurderingar og resultatet av desse skal dokumenterast skriftleg. Vi ynskjer her å tydeliggjera korleis dei minste fiskefartøya skal forholde seg til dette kravet.

### Kven skal utføra risikovurderingane?

Det er mannskapet om bord som er best kvalifisert til å gjera desse vurderingane og som må involverast i dette arbeidet. Det er fiskaren sjølv som kjenner fartøyet best, og som veit korleis arbeidsoppgåvene om bord vert utført. Skal ei slik vurdering ha effekt, må resultatane frå vurderingane vera konkrete og praktisk å gjennomføra for mannskapet.

### Korleis utføra risikovurderingane?

Det fins mange eksempel og rettleiingar til korleis ein skal utføre ei risikovurdering. På [www.yrkesfiskar.no](http://www.yrkesfiskar.no) er det malar som kan brukast for ulike typar fartøy og driftsformer. Dette skal gjerast enkelt og lett forståeleg. Det skal ikkje vera slik at det som er viktigast forsvinn fordi dokumentasjonen blir for lang og omfattande! Målet er at vurderingane skal vere til hjelp i kvardagen og bidra til ein tryggare arbeidsplass for fiskaren, og ikkje å lage eit dokument fordi myndighetene krev det.

Tenk gjennom heile drifta av fartøyet, frå klargjering av fartøy, avgang, setting og haling av bruk, handsaming av fangsten, fortøyning og fram til lossing, og ut frå dette lage ei liste over dei farlegaste arbeidsoppgåvene om bord. Dette treng kanskje ikkje vera meir enn nokre få oppgåver som du vurderer som dei farlegaste. Det må fokuserast på det som verkeleg utgjør ein fare for liv og helse. Neste steg er å skriva opp kva som kan gjerast med desse arbeidsoppgåvene så dei vert så sikre som mulig å utføre. Enkle spørsmål du kan stille:

- Kva kan gå galt?
- Kva kan gjerast for å hindre dette?
- Kan arbeidet organiserast eller utførast på ein betre og sikrare måte?
- Kan det lagast tekniske innretningar for sikrare utføring av arbeidet?